



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato  
03.04.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/4295 634  
Dykkar referanse

Til alle skuleeigarane i Hordaland

### Rapportering på midlar til vidareutdanning studieåret 2013/2014

Skuleeigarar som har mottatt midlar til vidareutdanning i skuleåret 2013/2014 skal rapportere på bruken av desse midla, jfr. tildelingsbrev frå Fylkesmannen.

Rapporteringa går ikkje lenger føre seg i rapporteringssystemet *Rapportering på bruk av midler til etter- og vidareutdanning* (REV). Men kvar skuleeigar skal fylla ut vedlagte skjema og senda dette inn til

**Fylkesmannen i Hordaland, [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) innan 15.mai 2014.**

Rapporteringa for studieåret 2013/2014 skal gje opplysningar som oppgjeve i vedlagte skjema.

Rapporteringa skal innhentas frå alle offentlige skuleeigarar og private skular som har mottatt midlar til vidareutdanning i 2013/2014.

Fylkesmannen skal kontrollere og oppsummere rapporteringa frå eige fylke og senda dette vidare til Utdanningsdirektoratet. Som eit ledd i det vidare arbeidet med etter- og vidareutdanning ynskjer direktoratet at fylkesmennene også skal gjera ei kvalitativ vurdering av skuleeigarane sitt arbeid med etter- og vidareutdanning.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*